

5. kandidat
Atle Hamar
60 år frå Sunnfjord



6. kandidat
Torstein Tvinnerim
53 år frå Stryn



7. kandidat
Sigrid Svartefoss
73 år frå Sogndal



8. kandidat
Jens Håkon Birkeland
23 år frå Voss



9. kandidat
Helle Frogner
49 år frå Stad



10. kandidat
Bram Timmermans
41 år frå Bjørnafjorden

**Heile lista finn du her**

Les meir på: Venstre.no/vestland
instagram.com/vestland_venstre/
Facebook.com/vestlandvenstre

VENSTRE




Foto: Helle Frogner

## Åsta Årøen (51) Bergen
## Fylkesordførarkandidat

Åsta kjenner Vestland godt, ho har vakse opp i Stryn og er no busett i Bergen. Ho har erfaring frå Bergen som folkevald i fleire periodar, men har også erfaring frå fylkespolitikken. Åsta har ei variert utdanning, og er mellom anna jurist.

### Åsta sine hjartesaker er

Eit grønt Vestland, ein næringspolitikk på lag med næringslivet og ein vidaregåande skule som ser eleven. Åsta er særlig oppteken av lærlingløpet og ho vil arbeide for god og individuell oppfølging av lærlingar.


Foto: Lisa Gill

## Jacob Nødseth (35) Kinn
## 2. kandidat

Jacob har 16 års erfaring som lokalpolitikar i Florø og kystkommunen Kinn, og arbeider som advokat.

Jacob er oppteken av at fylkeskommunen skal ta ei aktiv rolle som bindeledd mellom Vestland sitt framoverlente næringsliv, kommunar og staten, for grøn omstilling, nullutslepp og framtidsretta arbeidsplassar i heile fylket. Fylkeskommunen må gjennom godt kulturtilbod, framoverlente vidaregåande skular og moderne og effektivt samferdsletilbod skape trygge og gode lokalsamfunn, små og store, over heile fylket.

VENSTRE


Foto: Helle Frogner

Heile programmet

## Marius Hellan Hindenes (22) Alver
## 3. kandidat

Marius er vår ungdomskandidat. Han er utdanna helsefagarbeidar og har erfaring frå lokalpolitikken i Alver. Marius sine viktigaste saker er å utvide kollektivtilbodet i Vestland, og gjere det rimelegare å reise kollektivt ved å senke prisen på månadskortet til 499 kr. For Marius er trygge vegar, rassikring og gul midtstripe viktig, for det skal vere trygt å ferdast i heile fylket.

## Camilla Elen Berg Larsen (45) Stord
## 4. kandidat



Camilla er utdanna helsesjukepleiar, har PPU og fagutdanning i praktisk-estetiske fag, og er veldig opptatt av barn og unge si psykiske helse. Ho har lang fartstid som helsesjukepleiar både i grunnskule og vidaregåande opplæring. Folkehelse-, skule- og familiepolitikk er noko ho har eit stort hjarte for. Ho ser fram til å bruke sin kompetanse og bakgrunn i fylkespolitikken.